
| | |
|---------------|-------------------------------------|
| Saksnr: | 2026/4095-10 |
| Saksbehandlar | Thorbjørn Aarethun Birthe Haugen |
| Dato: | 13.04.2026 |

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

Tillegg 2 til PS 5/26 - forslag innspel til RNB 2026 om underfinansiering av fullføringsreforma

Fylkesdirektøren foreslår følgjande innspel til revidert nasjonal budsjett 2026, om underfinansiering av fullføringsreforma:

«Fullføringsreforma er underfinansiert.

Fullføringsreforma styrkjer retten til vidaregåande opplæring for ungdom mellom 16 og 24 år. Reforma inneber meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, moglegheit for utvida tid og alternative løysingar ved stryk, avbrot eller manglande læreplass. Elevane har også fått styrka retten til å gjere omval.

I tillegg har elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging fått utvida sine rettar gjennom fullføringsreforma. Denne elevgruppa kan ta ut rett til vidaregåande opplæring til og med det skuleåret dei fyller 24 år uavhengig av i kva grad dei har nådd sine individuelle mål. Den lovfesta retten deira til vidaregåande opplæring er med denne endringa auka til 8 år.

I 2025 medførte den styrka retten til omval ein auke i søkjartalet til vidaregåande opplæring om lag 3-400 ungdommar både i Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Søkjartala til kommande skuleår syner same tendens. Dette med ein årleg kostnadsauke på om lag 50 mill. kr i dei to fylkeskommunane. Møre og Romdal fylkeskommune har same høvesvise vekst i talet på ungdom som har rett til omval. Her er det grunn til å vente ein årleg kostnadsauke på om lag 25 mill. kr.

Vidare syner søkjartala dei to siste skuleåra at ein stor andel elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging vel å nytte seg av retten til å vere lenger i vidaregåande opplæring. Nasjonale prognosar syner at andel elevar med rett til individuell opplæring vil doble seg frå 1,6% av årskullet i 2025 til 3,2% av årskullet i 2030. Denne lovendringa vil med dette føre til vesentleg auka kostnader for fylkeskommunane dei komande åra. Prognosar for Rogaland og Vestland fylkeskommune syner at kostnadsnivået vil auke med 60 -75 mill. kr per år. Totalt vil auken verte på omlag 180 - 225 mill. kr per år. For Møre og Romsdal fylkeskommune er det venta kostnadsauke på om lag 25 - 30 mill. kr per år. Totalt vert auken om lag 75 - 90 mill. kr per år.

Retten til å gjere omval og utvida rettar for elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging er slik vi ser det ikkje finansiert i statsbudsjettet for 2026 og dei kommande åra. Tala over syner at dei tre fylka i Vestlandsrådet vil ha behov ei styrking på 270 - 300 mill. kr i 2026, aukande til 560 -650 mill. kr dei kommande åra.

Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit arbeid for å kartlegge fylkeskommunane sine auka kostnader på grunn av utvida rettar for ungdom mellom 16 og 24 år og at fylkeskommunane får kompensert kostnadane for 2026 i revidert nasjonalbudsjett. Vidare ber vi om at kompensasjonen vert innarbeidd i statsbudsjettet frå 2027.»

